

Søknad om tilskot til trafikktryggingstiltak, Vaksdal kommune, februar 2015

Vaksdal kommune er lokalisert urbant mellom Bergen og Voss. E16 er ei hovudferdsleåre gjennom kommunen, og har gjennom ei årrekke vore ulykkesutsett og har medført tøffe og brutale hendingar både for innbyggjarane og tilsette i kommunen. Me har mista mange, og spesielt synes ungdomar å vere involvert i mange uønskte hendingar. I 2014 mista kommunen to unge gutter i to ulike trafikkulykker. Hausten 2014 gjennomførte også kommunen ei overordna ROS-analyse som syner at alvorlege trafikkulykker er den mest belastande hendinga for kommune og innbyggjarane. Ulykkessituasjonen på E16 gjennom kommunen er ikkje i samsvar med utviklingstrenden nasjonalt, <http://www.hordaland.no/Aktuelt/Nyhende/Positiv-utvikling-pa-Hordalandsvegane-men-negativ-pa-E39-og-E16/>, og sett i lys av at dette er kommunen sin lokalveg mellom tettstadane Vaksdal, Stanghelle og Dale vil kommunen satse aktivt og tverrsektorielt i kommunen.

Med bakgrunn i dette har kommunen v/ rådmannen i januar 2015 signert ein intensjonsavtale med Trygg Trafikk om å verte godkjent som trafikksikker kommune. Dette inneber ei stor satsing tverrsektorielt i kommunen. Dei ulike satsingsområda er synt i vedlagt prosjektstyringsplan (kap. 7):

1. trafikksikkerheitsarrangement,
2. trafikksikkerheitsplan,
3. skular og barnehage som godkjende trafikksikre einingar,
4. helsestasjonen med tiltak i «frå vogge til grav – perspektiv»,
5. ungdomsarbeid,
6. tverrsektoriell ressursgruppe,
7. trafikksikkerheitstema i Dalekunst.

Målsetjinga er at alle tiltaka i prosjektet skal vere innarbeidd som faste oppgåver innan tre år.

Me søker om tilskot til to av aktivitetane for 2015:

- Trafikksikkerheitsarrangement i samband med Daledagane, juni 2015
- Ressursgruppe, opprette og igangsetje, mars 2015

Utfyllande skildring og målsetjing, hensikt og aktivitetar for begge desse aktivitetane er å finna i vedlegg om halningsskapande trafikksikkerheitstiltak.

Arrangement for innbyggjarane, med påfølgjande oppfølging i ulike målgrupper. Arrangement vil vere felles, med utgangspunkt i utprøvde arrangement med dropp av bil frå krane og redningsarbeid. Oppsummering etterpå i grupper med ulike målgrupper; yngre ungdom, eldre ungdom og foreldre.

Tiltaka vil byggje på kjende og utprøvde filosofiar for halningsskapande arbeid – som *Sei ifrå*, og *russebilarrangementa* som er velkjende innan trafikktryggingsarbeid. Lokal tilpassing er sjølv sagt nødvendig. Ressursgruppa skal innehalde personar frå alle aktuelle sektorar, einingar – både offentlege og private. Det er svært stor motivasjon i kommunen for trafikksikkerheitsarbeid, også blant organisasjonar og innbyggjarar.

Kommunen samarbeider med andre kommunar og offentlege etatar for å knyte til seg kompetanse og utvikla ei metodisk heilskapleg tilnærming. Lindås kommune, Fylkestrafikksikkerheitsutvalet, Trygg Trafikk, Statens vegvesen og politiet er nokre av desse.

Me søker om eit tilskot kr. 150.000,- for 2015 til trafikksikkerheitsarrangement og opprette tverrfagleg ressursgruppe. Kompetanseheving og samarbeid er viktige faktorar, spesielt no i startfasen.